

Sak 11

Valg

Landsmøtet velger nytt sentralstyre, landsstyre, kontrollkomité, valgkomité og revisor for perioden 2024-2026. Valgkomiteen har innstilt på sentralstyre og landsstyre. Landsstyret har innstilt på kontrollkomité, valgkomité, og revisor. Alle verv velges med alminnelig flertall.

Saken inneholder:

- **Valgkomiteens innstilling på leder, nestledere, sentralstyre og landsstyre**
- **Landsstyrets innstilling på kontrollkomité, valgkomité og revisor**



Landsmøte i Naturvernforbundet 2024

Innstilling til nytt sentralstyre 2024,

*Valkomiteen: Jon Anders Stavang (leiar), Annie Henriksen, Olav Nicolay Larsson Aga og Anne Grete Frøseth.
Aslak Bjørn trekte seg før arbeidet starta.*

Valkomiteen byrja sitt arbeide for fullt i mars og har i løpet av 2024 hatt meir enn 20 møte, dei fleste digitale, for å lande på ei innstilling til nytt sentralstyre for landsmøtet 2024. I arbeidet har vi intervjua om lag 20 personar i organisasjonen, både i landsstyret og i administrasjonen for å få inntrykk av korleis sentralstyret og organisasjonen fungerer.

Til innstillinga har vi vurdert meir enn 60 kandidatar, dei fleste basert på innspel til valkomiteen, men også ein del vi har vurdert aktuelle sjølve, både innanfor og utanfor organisasjonen.

I arbeidet med ny styresamansetting har vi lagt vekt på følgande: Sikre alders- og kompetansemessig spreiing, geografisk representasjon, kontinuitet og samstundes fornying av styret, engasjement for naturen og organisasjonen, og evne til å samarbeide og dra lasset i lag.

Samanlikna med førre periode har det vore vanskelegare å finne kandidatar som har vore villige til å ta på seg styreverv. Samstundes er vi svært nøgde med det styret vi no har innstilt.

Då ein av dei nye kandidatane trekte seg i siste liten måtte vi diverre sende innstillinga vår i to omgangar, der leiartrioen vart presentert først.

Dersom landsmøtet vel å følge vår tilråding til innstillinga av styrrekandidatar, meiner valkomiteen at Naturvernforbundet vil få eit godt og kompetent nytt styre som kan halde fram med det gode og viktige arbeidet Naturforbundet gjer for å bevare den norske naturarven. Godt val!

-JAS

Tabellen viser valkomiteen si innstilling til nytt sentralstyre i Naturvernforbundet. Landsmøtet og valet skal skje i Trondheim i november 2024.

Verv	Namn
Leiar (attval)	Truls Gulowsen
Første nestleiar (attval)	Pernille Hansen
Andre nestleiar (ny)	Helene Ødven
Fast medlem (attval)	Kjell Derås
Fast medlem (ny)	Milly Meyer
Fast medlem (ny)	Mattis Danielsen
1. vara (attval)	Gaute Rolv Dahl
2. vara (ny)	Øyunn Hasvik
3. vara (ny)	Gytis Blaževičius
4. vara (ny)	Ingrid Skjoldvær

Valkomiteens innstilling til nytt sentralstyre – kort informasjon om dei ulike kandidatane

Leiar: Truls Gulowsen (attval)



Truls vart vald som leiar av landsmøtet i 2021. Komiteen tykkjer Truls leiar Naturvernforbundet med stødig hand. Han får gode skotsmål frå både sentralstyret og landsstyret. Vi var difor ikkje i tvil om å innstille Truls til ein ny periode.

Truls bur i Oslo med to barn og har kjærast i Stockholm. Han er naturforvaltar frå Norges miljø- og biovitenskapelige universitet på Ås. Han har jobba med miljøsaker heile livet i ulike roller, mellom anna som leiar i Greenpeace frå 2007 til 2019, politisk rådgjevar i Regnskogfondet, og han var møtande vara i sentralstyret til MDG. Truls har vore ei tydeleg stemme i norsk og internasjonal miljødebatt over lang tid. Truls har god erfaring med strategisk kampanjearbeid, media, politikk og forhandlingar med både miljøbevegelse, fagbevegelse og næringsliv, og har godt gjennomslag i nasjonale media. Truls er 50 år.

Første nestleiar: Pernille Hansen (attval)



Pernille Hansen vart vald som nestleiar av landsmøtet i 2021. Pernille har ein doktorgrad i språkvitskap. Ho kjem frå Molde, bur i Oslo og arbeider som førsteamanuensis i norsk språk ved Høgskolen i Innlandet. Pernille er 39 år.

Pernille har arbeidd med eit stort spekter av miljøsaker, mellom anna klima, samferdsel og jordbruk. Ho har også arbeidd organisatorisk med medlemsvekst, opne arrangement og sosiale media. Pernille er opptatt av å gjere Naturvernforbundet meir inkluderande og trekke fleire unge vaksne inn som aktive. Som nestleiar har Pernille utmerka seg både i media og som organisasjonbyggar. Ho er hardtarbeidande, engasjert og får gode skotsmål frå dei tillitsvalde i organisasjonen. Komiteen innstiller på attval.

Frå 2016 til 2021 var Pernille leiar av Naturvernforbundet Oslo Øst. Tidlegare har ho vore regionsekretær (2005 – 2006), fylkesleiar (2007) og sentralstyremedlem (2007 – 2009) i Natur og Ungdom. Ho har dessutan vore tilsett i Naturvernforbundet Hordaland (2007) og Miljøagentane (2012).

Andre nestleiar: Helene Ødven (ny)



Foto: Audbjørn Moland

Helene Ødven er 50 år og ein energisk forkjempar for vassdrag og urørt natur. Ho er frå Gaular, men bur i Salhus i Bergen saman med sin mann. Ho sit i fylkesstyret i Naturvernforbundet i Hordaland, og er direktør ved [Arboretet på Milde](#).


Gjennom mange år var ho andlet for Bergen og Hordaland turlag sitt arbeid for å bevare fjord, fjell og vassdrag mot nedbygging. Ein viktig siger var mellom anna Øystesevassdraget som vart verna i 2018.

Ho er særleg oppteken av å få folk ut i naturen, og har også jobba mykje med å verne om nærværen og 100-meter-skogene som er så viktige i kvardagen til folk. Ho var også sentral i etableringa av DNT Vest på starten av 2010-talet, og med på å utvikle dette samarbeidsforumet med foreiningane i DNT på Vestlandet og FNF-koordinatorane, til eit viktig verktøy i kampen mot vindkraft i urørt natur.

Helene er engasjert, kunnskapsrik, kjem lett i kontakt med andre og er ein humørspreiar som vil styrke Naturvernforbundet.

Faste medlemar i sentralstyret

Kjell M. Derås (attval)




Kjell er opphavleg frå Namdalseid og har utdanning innan sosialt arbeid, jordbruk og media/formidling. Han bur i Alta og er 69 år.

Kjell har lang fartstid i Naturvernforbundet og har vore i sentralstyret sidan 2015. Valkomiteen tykkjer Kjell er god på å finne balansen mellom klimautfordringa og arealkonfliktane som har oppstått i samband med «det grøne» skiftet.

Han har verdifull erfaring frå mange av dei store naturkampane, og er oppteken av å formidle naturglede og å lage gode alliansar. Dette er viktig, særleg no som Finnmark er utsett for eit stort press for å etablere kraftverk og kraftlinjer. Han har vore spesielt engasjert i mellom anna Kalvatnkampen, som vart vunne i 2016.

Han har i ei årrekke arbeidd med formidling og forsvar av naturgrunnlaget for sør-samisk kultur, der bruk av bilde har stått sentralt.

Milly Meyer (ny)



Milly er 26 år gammal, bur i Bærum, men er frå Setermoen i Troms. Ho studerer sosialt arbeid og er for tida i praksis hos UngOrg. I tillegg sit ho i styret til Nei til Atomvåpen, der ho har ansvar for arbeidet opp mot Norsk Nukleær dekommisjonering sin prosess for å finne ei løysing på det norske atomavfallsproblemet.

Milly har tidlegare jobba i Natur og Ungdom, først som økonomisjef og seinare som Russlandskoordinator, noko som reflekterer hennar interesser innanfor organisasjon, miljøvern og internasjonalt samarbeid. Ho er også engasjert i arbeid mot atomkraft, auka ungdomsdeltaking, bøker og strikking.

Mattis Danielsen (ny)



Mattis har studert arkeologi og jobbar til dagleg med formidling og sørsamiske kulturminne. Han er genuint oppteken av naturen, spesielt verdien av urord natur. Han meiner også at den naturkompetansen som finst i urbefolkninga må verte betre kjent.

Han er 48 år, gift og bur på Røros.

Varakandidatar

Vararepresentantane vert innkalla til alle styremøtene og har møterett. Dei har ikkje stemmerett, men full talerett på møta.

Første vara: Gaute Rolv Dahl (attval)



Gaute har bak seg ein periode som vara til sentralstyret. Hans kompetanse er vurdert som viktig å ha i sentralstyret og han er difor innstilt på nytt.

Gaute vart vald inn som vara i sentralstyret i 2021. Han er 53 år, har to born, kjem opphavleg frå Mo i Rana og bur no i Trondheim. Han har vore aktiv i miljørørsla sidan han melde seg inn Natur og Ungdom i 1986 og har etter det m.a. vore aktiv i Spar Saltfjellet. I dag er han leiar av Naturvernforbundet i Trondheim.

Gaute er utdanna samfunnsgeograf og jobbar med samferdsel i Trøndelag fylkeskommune. Han er også 50 % frikjøpt som tillitsvald på arbeidsplassen. Gaute er oppteken av økologisk berekraft, arealkonfliktar og bevaring av natur (vegbygging, vindkraftverk, skogsaker, rovvilt m.m.) for å sikre livsgrunnlaget for menneskeheita. Gaute ser behov for å styrke organisasjonen og at jobbing med enkeltsaker kan bidra til haldnings- og systemendringar.

Andre vara: Øyunn Hasvik (ny)



Øyunn er 26 år, kjem frå Notodden og bur i Bergen. Ho studerer no matematikk på bachelor-nivå.

Ho vart med i Natur og Ungdom som 14 åring, starta lokallag på Notodden, vart leiar i fylkeslaget og medlem i sentralstyret til Natur og Ungdom. I dag er ho i vassdragsvernrådet i Naturvernforbundet.

Ho har jobba med opprydding av fjordar, jobba mot deponi for farleg avfall i Breivik, skogvern, pollinerande insekt og klassisk naturvern. Ho var med på klimatoppmøtet i Paris og er særleg interessert i å sjå det store biletet og nytte lovverk til å vri samfunnet i meir miljøvenleg retning.

Tredje vara: Gytis Blaževičius (ny)



Gytis er 23 år, oppvaksen i Litauen og på Hedmark, og er i dag leiar av Natur og Ungdom. Han vart aktiv i miljørørsla etter skulestreik på Hamar i 2018. I 2020 vart han tilsett som kontorsjef i Natur og Ungdom, og har sidan vore sentralstyremedlem, nestleiar og no leiar av organisasjonen.

Gytis har fagleg tyngde, solid organisasjonerfaring og eit smittande godt humør. Han har jobba mot dumping av gruveavfall i fjordane, med samferdsel og klimasøksmål. Gytis bur for tida i Oslo.

Fjerde vara: Ingrid Skjoldvær (ny)



Ingrid Eline Morsund Skjoldvær er 31 år og utdanna jurist. Ho jobbar no for Noregs institusjon for menneskerettar, som er underlagt Stortinget, med kontor i Kautokeino og Oslo.

Ho er frå Vesterålen og bur no i Kautokeino saman med sin mann.

Ingrid har vore leiar i Natur og Ungdom og var i si tid aktiv del i klimasøksmålet. Ho har og vore engasjert i gruvesakene i Førdefjorden og Repparfjorden, og bidrege til å organisere folkerørsla for oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja.

11.1 Valgkomiteens innstilling på leder

Valgkomiteen innstiller på Truls Gulowsen som leder av Naturvernforbundet.

Forslag til vedtak: Valgkomiteens innstilling vedtas.

11.2 Valgkomiteens innstilling på nestledere

Valgkomiteen innstiller på Pernille Hansen som første nestleder.

Valgkomiteen innstiller på Helene Ødven som andre nestleder.

Forslag til vedtak: Valgkomiteens innstilling vedtas.

11.3 Valgkomiteens innstilling på sentralstyre

Valgkomiteen innstiller på følgende medlemmer av sentralstyret:

- Kjell Derås (fast medlem)
- Milly Meyer (fast medlem)
- Mattis Danielsen (fast medlem)
- Gaute Rolv Dahl (1. vara)
- Øyunn Hasvik (2. vara)
- Gytis Blaževičius (3. vara)
- Ingrid Skjoldvær (4. vara)

Forslag til vedtak: Valgkomiteens innstilling vedtas.

11.4 Valgkomiteens innstilling på landsstyre

Valgkomiteens innstilling basert på nominerte kandidater fra årsmøter i fylkeslag, samt landsmøter i Natur og Ungdom og Miljøagentene:

Representant fra	Fast representant	Vararepresentant
Østfold	Håkon Borch	Ragnar Johnsen
Oslo og Akershus	Silje Synøve Høgelid	Paulina Dudzinska
Innlandet	Thomas Cottis	Kjetil Bjørklund
Buskerud	Martin Lindal	Astrid Busengdal
Vestfold	Ann Norderhaug	Espen Backe
Telemark	Saskia Wanders	Torfinn Sanden
Agder	Rune Sævre	Yvonne Kerlefsen
Rogaland	Hugh Alexander Clarke	Ingeborg Vrenne
Hordaland	Helene Vacarisas	Tom Skauge
Sogn og Fjordane	Hanna Lie Bakke	Hannah Tryggestad Koi
Møre og Romsdal	Japke Stobbe	Jannicke Totland Due
Trøndelag	Magne Vågsland	Kari Merete Andersen
Nordland	Dag Johansen	Kaja Langvik-Hansen
Troms	Anne Lise Mortensen	Anne Nesbakken
Finnmark	Leif Gøran Wasskog	Sunna-Inga Gaup Aamot
Natur og Ungdom	Jesper Stattin	Ada Amilia Skjensvold
Miljøagentene	Signe Lindbråten	Siv Grethe Aarnes

I tillegg består landsstyret også av sentralstyret og ansattes representant. Se vedtektenes §4-3.

Forslag til vedtak: Valgkomiteens innstilling vedtas.

11.5 Landsstyrets innstilling på kontrollkomité

Kontrollkomiteens oppgave er å påse at vedtak fattet av landsstyret, sentralstyret og generalsekretæren er i tråd med vedtekten og landsmøtets vedtak. Landsstyret innstiller på følgende medlemmer av kontrollkomiteen:

- Leder:** Gert-Fredrik Malt, Lillestrøm (gjenvalg, nytt verv)
- Medlem:** Tina Sugunthi Felicien, Bergen (ny)
- Medlem:** Kåre Olerud, Lunner (gjenvalg)

Om kandidatene:

Gert-Fredrik Malt (76) fra Oslo. Medlem i Naturvernforbundet i Oslo Vest. Jurist, Førsteamanuensis Em. ved Det juridiske fakultet, UiO. Han har representert Oslo og Akershus i landsstyret fra juni 2012 til april 2022, og har bidratt mye i arbeid med vedtekter og forretningsorden i Naturvernforbundet. Har sittet en periode i kontrollkomiteen som medlem.

Tina Sugunthi Felicien (47) fra Bergen.

Er utdannet bilog og er nå stipendiat ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet. Hun satt i Naturvernforbundets landsstyre fra 2018 til 2021 som representant for Hordaland, og har sittet i styret i Naturvernforbundet Hordaland. Hun har bidratt blant annet med organisasjonsrelatert arbeid i fylkeslaget.

Kåre Olerud (82) fra Harestua, Oppland. Har vært aktiv i Naturvernforbundet siden 70-tallet, startet lokallaget i Lunner i 1971 og hatt roller både som tillitsvalgt og som ansatt i sekretariatet. Jobbet mange år som lærer, er i dag aktiv i veterangruppa og som frivillig som bistår på arkiv og dokumentasjon hos fylkeslaget. Har sittet i kontrollkomiteen siden 2015, og vært leder for komiteen siden 2018.

Forslag til vedtak: Landsstyrets innstilling vedtas.

11.6 Landsstyrets innstilling på valgkomité

Valgkomiteens oppgave er å innstille på nytt sentralstyre og landsstyre, som velges av landsmøtet. Landsstyret innstiller på følgende medlemmer av valgkomiteen:

- Leder:** Knut Espelid, Naturvernforbundet i Hordaland
- Medlem:** Nora Håpnes, Natur og Ungdom
- Medlem:** Randi Storhaug, Naturvernforbundet i Rogaland
- 1. vara:** Annie Henriksen, Naturvernforbundet i Vest-Finnmark
- 2. vara:** Aleksander Snarheim, Naturvernforbundet i Oslo og Akershus

Om kandidatene:

Knut Espelid er fra Bergen og har vært med i Naturvernforbundet i mange år. Han var med i styret til Naturvernforbundet i Hordaland fra 1987-1992 og igjen da han ble pensjonist fra 2017. I tillegg har han møtt i landsstyret siden 2018. Knut kjenner Naturvernforbundet svært godt, er ryddig og tydelig, og komiteen tror han kommer til å gjøre en god jobb med å lede valgkomiteen.

Nora Håpnes er 22 år gammel og kommer fra Mortensrud i Oslo, hun har jobbet i Natur og Ungdom siden 2022 og er i dag organisasjonssekretær. I tillegg studerer hun samfunnsøkonomi ved UiO. Hun har tidligere organisasjonserfaring fra operasjons dagsverk og elevorganisasjonen og har også hun har erfaring fra valgkomiteen til LNU. Nora har et bredt nettverk i miljøbevegelsen og vil være viktig for å få rekruttert nye unge medlemmer til organisasjonen.

Randi Storhaug er utdannet økolog fra Tromsø og har jobbet med forvaltning i både kommune og stat og bor i dag i Stavanger. Randi har vært med i Naturvernforbundet siden 2018, vært med i landsstyret i tre perioder og siden 2022 har Randi i tillegg vært nestleder i forbundet. Randi kjenner organisasjonen godt og har et bredt kontaktnettverk. Randi har også god innsikt i hvilke egenskaper som er viktige inn i sentrale styrer i Naturvernforbundet og vi mener Randi vil bidra med unik kunnskap inn i valgkomiteen.

Annie Henriksen har vært med i Naturvernforbundet i mange år og kjenner organisasjonen godt. Hun bor i Hammerfest og kjenner godt til miljøproblemene i Nord-Norge. Annie har allerede vært i valgkomiteen i en periode og komiteen er veldig glad for at Annie vil fortsette for å sikre kontinuitet i valgkomiteen.

Aleksander Snarheim begynte å jobbe som økonomi- og administrasjonssjef i Natur og Ungdom i 2022, og har sittet i sentralstyret til Natur og Ungdom fra januar 2023 og er i dag ungdomsdelegat til FNs naturtoppmøte. Aleksander har også vært aktiv i Sosialistisk Ungdom og Sosialistisk Venstreparti hvor han blant annet har vært leder for valgkomiteen til Viken SV. Hans unge kontaktnettverk og erfaring fra tidligere valgkomitearbeid vil være svært viktig.

Forslag til vedtak: Landsstyrets innstilling vedtas.

11.7 Landsstyrets innstilling på revisor

Revisoren kontrollerer at organisasjonens årsregnskap er riktig fremstilt, og veileder og rådgir innen økonomiske spørsmål. Revisor skal være statsautorisert.

Landsstyret innstiller på PKF ReVisjon som revisor for Naturvernforbundet.

Forslag til vedtak: Landsstyrets innstilling vedtas.